

Sigmund Bødal



Naustdal i Sunnfjord – Lendmannsgard med røter i eldre jernalder

Innleiing


Våren 2002 utførte Sogn og fjordane fylkeskommune arkeologiske registreringar på Gardsbøen i Naustdal kommune. Bakgrunnen var at Naustdal kommune hadde planer for utviding av Naustdal kyrkjegard og bygging av omsorgsbustader på Gardsbøen (Figur 1).



Figur 1. Gardsbøen – Naustdal med Naustdal kyrkje i bakgrunnen. Foto Sigmund Bødal.

Området som kommunen ønskte å regulera er eit av dei beste jordbruksareala i kommunen, lokalisert sentralt i bygda Naustdal ved utløpet av elva Nausta. Den topografiske plasseringa av planområdet synte heilt tydeleg at dette var eit område der ein måtte forvente å finne spor etter aktivitet frå forhistorisk tid. Frå tidlegare var det kjent nokre få spor av forhistorisk aktivitet

i området i form av eldstader, spor etter stolper frå bygningar, samt dyrkingslag (Hovland 1997). Med dette som bakgrunn hadde ein i 2002 forventningar om å gjere ytterlegare funn på Gardsbøen. Ut i frå landskapet såg ein at området hadde eit høgt potensial for funn av hus strukturar frå jernalderen (500 f.Kr –1030 e.Kr), sjølv om ein også var merksam på spor frå andre bolkar av forhistoria. Før 2002 hadde ein berre kunnskap om spreidde funn frå jernalderen i Naustdal.



Figur 2. Planskisse Gardsbøen. Spor av nedbrent bygning nede til høgre. Ole Magne Nøttvedt, Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Funna ein kjenner til er berre korte og fragmentariske glimt av forhistoria. Frå ein fagleg ståstad såg ein at det her var gode moglegheiter til å støyte på meir heilskaplege strukturar og spor som kunne gje viktig informasjon om forhistoria i Naustdal.

Kva registreringane brakte for dagen

På Gardsbøen vart det i alt lagt ut 18 søkesjakter med gravemaskin (Figur 2). På dei sentrale delane av bøen vart det funne spreidde anleggsspor, som einskilde stolpehol etter bygningar, eldstader og fossile dyrkingslag. Frå ein av desse forhistoriske strukturane vart det teken ut ei ^{14}C prøve som gav ei datering til 1710 ± 80 BP, altså overgangen mellom romartid og folkevandringstid.

Trass i at ein gjorde interessante oppdagingar av stolpehol og eldstader på dei flatare partia av Gardsbøen, så var det likevel ikkje desse funna som skulle få størst merksemd ved denne registreringa. På slutten av registreringsperioden la ein ut nokre sjakter aust i planområdet i skråninga ned mot Rv 5. I den første sjakta kom ein over eit mørkt og sterkt kolhaldig lag, med ei breidde på 8–9 meter. Dette kollaget dukka opp att også i dei tre neste sjaktene mot aust. Totalt strakk dette kolhaldige laget seg over alle fire sjaktene i bakkehellinga, i ei lengd av 27 meter. Ved snitting av kollaget i sjakt G syntet seg at laget hadde ei djupne på opp mot 50 cm. I tillegg kom det fram i austleg profilvegg restane av ein solid stolpe, med skoningstein med ein diameter på godt over 40 cm. Denne stolpen er av ein slik dimensjon at han må ha

vore ein av dei takberande stolpane i ein bygning. Stolpen er lokalisert langs med den nordlege langveggen på bygningen. Ved registreringa vart det teken ut kolprøver frå denne stolpen til datering. Den gav ei datering til 1540 ± 50 BP. Tømmeret til bygningen er då hogd ein gong i overgangen mellom folkevandringstid og merovingartid. Det vart teken ut ytterlegare ei ^{14}C -prøve innanfor bygningen i sjakt G, frå eldstaden G2 som vart datert til 1500 ± 50 BP. Denne gav også ei tidsmessig plassering til siste del av folkevandringstid/overgangen til merovingartid. I sjakt Q vart det teke ut ei ^{14}C -prøve av eit stolpehol nord for bygningen, som gav ei datering til 1580 ± 50 BP. Denne datering ligg også innanfor det same tidsrommet som dei føregåande prøvene, altså folkevandringstid/overgangen til merovingartid (Nøttveit 2002).



Figur 3. Snitt av den nedbrente bygningen på Gardsbøen. Foto Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Hausten 2003 utførte Sogn og fjordane fylkeskommune ei mindre arkeologisk registrering i samband med ein planlagd støyvoll mot Rv 5, aust for kyrkjegarden. Gjennom ei lengre søkesjakt (sjakt R) fekk ein avgrensa den allereie påviste bygningen i austleg retning, slik at bygningen kjem opp i ei total lengd på vel 30 meter. Likevel må ein tru at bygningen kan ha hatt ei endå større lengd, då det under registreringsarbeidet i 2002 kom fram opplysningar om at det vart teken ut større mengder massar inn mot det arealet der bygningen er lokalisert, i samband med bygging av Rv 5 på 1980-talet (Furnes 2003:2). Heilt i sørleg ende av sjakta, vart det i tillegg avdekka både stolpehol, eldstader og eit nytt kraftig kolhaldig lag. Dette laget framtrer på same måte som det kollaget som karakteriserer bygningen påvist i 2002. Truleg representerer dette ein annan bygning på staden. Det vart teken ut ei ^{14}C -prøve for datering frå eit av stolpehola. Dette gav ei datering til 1450 ± 60 BP, altså slutten av folkevandringstida overgangen til merovingartid (Furnes 2003). Dette er ei datering innanfor same tidshorisonten som den første bygningen. Det betyr at desse to bygningane har stått ved munningen av Nausta samstundes. Nokon storleik av bygningen har det ikkje vore mogleg å estimere. Det kolhaldige laget fortsetter i vestleg retning inn i gardsvegen som fører fram til tunet som ligg mellom Rv 5 og Naustdal kyrkje.

Eit karakteristisk trekk ved begge bygningane er den enorme mengda med trekol. Det ser ut som bygningane har fått den ublide skjebnen at dei har blitt brende. Dei kraftige kolphaldige massane som opptrer er restar etter tak og veggjar. Stolpane syner også spor etter brann. Kva som er årsaka til denne hendinga kan ein berre spekulere i. Kan hende er det uforsiktig omgang med eld som har utløyst brannen. Samstundes veit ein at frå tid til annan i forhistoria rådde det ufred blant bygdelag og stormenn her til lands. Snorre syner dette gjennom eit utal skildringar i kongesagaene, og det er ikkje til å tvile på at dette også har vore situasjonen i tidlegare tider, slik som på slutten av folkevandringstida. Ein skal soleis ikkje sjå bort i frå at bygningane er satt i brann i ufredstid.

Alt i alt syner dei arkeologiske registreringane på Gardsbøen to større bygningar frå slutten av folkevandringstida, der begge bygningane kan ha hatt ei lengd på over 30 meter, og ei samanhengande breidde på kring 8-9 meter.

Kva for ein bygning er det Gardsbøen skjuler?

I heile det arealet som vart undersøkt våren 2002 kunne ein rekne med å finne spor av større bygningar. På det flate partiet oppe på Gardsbøen har ein fragmentariske spor etter bygningar i form av spreidde stolpehol, som representerer ulike forhistoriske bygningar i dette området. Når ein så støyter på ein hus konstruksjon i skråninga ned mot Rv5 ved utløpet av elva Nausta gjev nok landskapet oss meir enn eit forvarsel om kva for bygningar vi har med å gjære. Bygningen er lokalisert i eit svakt skrånande terreng like bak munningen av Nausta. Truleg har dette vore ein ypparleg plass for landing av skip, då ein kan plassera båtar eller større fartøy her i ly for fjorden. Vi må soleis sjå det som naturleg ut i frå topografiske tilhøve at det er bygningar i form av naust som ligg her.


Ved registreringa vart det gjort svært få gjenstandsfunn i og i kring bygningane, berre eit fåtal jarnnaglar. Dette er eit fenomen som også går igjen ved dei få nausta som er arkeologisk undersøkt her i landet. Ved naustet frå Killingvikken på Stord som Erik Hinsch grov ut i 1957, og som var banebrytande her i landet når det gjeld arkeologi med fokus på naust, vart det påvist keramikk, naglar og båtsaum. Likeeins er det all hovudsak jarnnaglar ein har påvist ved undersøkingane av naust på Inderøya i Sør-Trøndelag (Johansen 2002:16 ff). I Naustdal er det gjort funn av to jarnnaglar. Naglane stammar truleg frå ein båt, eller har vore til bruk for reperasjonar på skipa. Ved ei total avdekking av det arealet som nausta utgjer, så vil ein nok kunne støyte på fleire gjenstandar relatert til det maritime miljøet. Det er påvist fleire strukturar i kring naustet som er tolka som eldstader. Truleg har eldstadene inngått i aktivitetar som er knytt til bruken av naustet på ein eller annan måte. Også ved påvising av nausttuftene på Stend i Hordaland (Myhre 1976), og i ein del av nausttuftene som er undersøkt i Rogaland (Rølfesen 1974; Auestad 1995) har ein lokalisert fleire eldstader i og i kring nausttuftene. Eldstadane kan ha hatt funksjonar kring tilverknad av metall, bruk av tjære på skipa, samt andre oppgåver knytt til vedlikehald av skip og skipsfart.

Korleis såg nausta ut?

Det er naudsynt med atskillige fagleg ekspertise innanfor bygningsarkeologi og bygningsfag elles for å kunne gje ein tilnærma sannferdig rekonstruksjon av ein 1500 år gamal nedbrent bygning, der ein berre har kunnskap om nokre få stolpehol. Faglege granska naustområder på Vestlandet syner at områda har vore nytta i fleire omgangar av forhistoria. På Stend har

det i tre ulike fasar stått bygningar på staden (Grimm 1999:48). Ein slik situasjon kan gje eit mylder av fragmentariske bygningsspor, som det ut i frå ei registrering er vanskeleg å tolke. Dei nausttypane som ein har kunnskap om i dag skil seg hovudsakleg ut i tre kategoriar og tidsbolkar. Klassiske døme på dette er dei tidlegare nemnde nausta frå Bjelland på Stord (Hinsch 1960), og frå Stend i Fana i Hordaland (Myhre 1976), samt ein noko mindre kjent type frå Nordbø på Rennesøy i Rogaland (Auestad 1995).

Naust typen som Hinsch grov på slutten av 1950-talet på Stord er karakterisert med ei rekke av takberande stolper, der stolpane er plassert heilt i ytterkanten i langveggen. Langveggane har bogeform, noko som truleg kan avspegle forma på skipet. Naustet elles er omgitt av ein kraftig voll av jord og stein som har støtta opp om bygningen. Naustet på Stend har meir eller mindre same bogeformene på langveggane (Figur 4). Bygningen hadde to rader med stolper, ein indre takberande og ein ytre rad i sjølve veggen. Elles var bygningen omgitt av ytre vollar med ei krumma form. Den tredje typen av naust kjenner ein berre eit fåtal av. Der er naustet på Nordbø på Rennesøy i Rogaland eit godt døme. Denne nausttypen har ei stolperekkje plassert i sjølve naustveggen. For å kunne avstive taket og tyngda av bygningen på ein god måte, har konstruksjonen i tillegg avstivande, skråstilte stokkar som går ut frå takkonstruksjonen, og er fundamentert i undergrunnen i noko avstand frå sjølve veggen. I motsetnad til dei to føregåande typane har denne typen berre små ytre veggvollar. Eit naust av same typen er i dei seinare åra påvist i Rosendal i Hordaland (Valvik 2002).



Figur 4. Rekonstruksjon av naustet på Stend. Grafikk Tangedal.

Kva så med nausta frå Gardsbøen? Er det mogleg og seie noko om bygningskonstruksjonane? Det er verdt eit forsøk, sjølv om ein berre må erkjenne at ei arkeologisk registrering gjev store utfordringar når det gjeld tolkinga av det byggtekniske. Dei fagleg granska naustområda på Vestlandet, som er nemnd ovanfor, har tidsmessig ulike bruksfasar i forhistoria, med ulike typar naust som har vore i bruk. Slike tilhøve gjer det sjølv sagt fagleg utfordrande å tolke eit fåtal bygningsspor etter ei arkeologisk registrering.

Det er spesielt eitt fenomen som er framtreddande når det gjeld nausttuftane frå Gardsbøen. Det er den store mangelen på stein i området. Ved registreringa var det knapt noko større stein å sjå. På denne bakgrunn må ein kunne konkludere med at det ikkje har vore nokon massiv steinvoll kring naustet, slik tilfellet var på Bjelland på Stord. Det har vore drevet moderne landbruk i området som kan ha rydda bort steinen. Likevel kan ein ikkje konstatere skadar på bygningen i form av pløying og liknande. Det ville vere naturleg å kunne dokumentere slike skadar, dersom ein også hadde fjerna stein i ein eventuell veggvoll, og noko stein ville nok vore synleg som eit botnlag av vollane. Dette var ikkje tilfelle. Soleis har nausta lagt relativt uforstyrta til for moderne landbruksaktivitetar. Ein må då kunne konkludere med at denne bygningen ikkje har hatt markerte veggvollar i stein.

Ved dei nedbrente bygningane såg ein etter stolpehol som kunne vere med på å indikere ei eller fleire rekkjer av takberande stolper. I sjakt G blei det funne ein kraftig stolpe langs med det som kan vere den nordlegaste stolperekkja i naustet. Karakteristisk for sjakt G er at stolpehola er lokalisert nord for sjølve naustet. I dei påfølgjande sjaktene (P, Q, og R) er det påvist fleire stolpar nord for området som er definert som naust med nedbrent bygningsmasse. Soleis kan desse stolpane representere ei rekkje av takberande stolpar i bygningen. Veggjar og tak har kollapsa ved brannen, og skjuler nok fleire strukturar og stolpehol. Ein slik stolpe vart påvist i sjakt Q ved prøvestikking. Som ein følgje av dette kan dei avdekka stolpehola i sjakt G representere ei ytre stolperekkje, medan ei indre, eller ei stolperekkje oppført i bygningens yttervegg, framleis ligg skjult under kolhaldig masse. Dette faller godt saman med stolpene som er påvist i sjakt P og Q (Nøttveit 2002).

Ut i frå det som er påvist ovanfor kan ein tru at dette er ein nausttype med skråstilte stokkar som avstivare for taket på naustet. Mangelen på solide oppbygde veggvollar peikar også i retning av eit naust av denne typen. Mange av dei forhistoriske nausttuftene ein i dag har kunnskap om, lar seg på ein eller annan måte erkjenne i terrenget, anten med markante steinlagde vollar, eller som mindre forhøgningar i landskapet. På Gardsbøen var det ikkje nokre indikasjonar om at det kunne liggje eit naust i skråninga før den arkeologiske registreringa tok til. Truleg har dette samband med at naustet har hatt minimale synlege veggvollar, slik som naustet frå Rennesøy. Nord og sør for naustet, vart det dokumentert langstrakte areal med hardpakka aur som pregar undergrunnen i området. Under naustet var det derimot meir sandhaldig masse. Truleg er auren greve bort då ein konstruerte naustet, og gamal sjø- eller elvebotn er nytta som «golv» inne i bygningen. Slik fekk bygningen naturlege vollar i terrenget då det ser ut til at det er grave inn i bakken ved elvekanten. Så langt liknar naustet på Gardsbøen på naustet frå Rennesøy i Rogaland.

Likevel er det ingen av dei avdekka stolpehola på Gardsbøen som viser seg å ha den same skråstilte forma som stolpehola etter dei takbærande stolpane på Rennesøynaustet (Auestad 1995). Kan det likevel vere snakk om ein så stor naustbygning utan ytre avstiving?

I 2010 vart det avdekka to naustbygningar på garden Bøe i Stryn i samband med eit vegprosjekt på Rv 15. Nausta var lokalisert i ei svakt hellande skråning ned mot Stryneelva. Nausta dateres til overgangen mellom romartid/folkevandringstid og merovingartid/vikingtid (Diinhoff 2013). Bygningane går over i kvarandre i terrenget. Det er ikkje spor etter konstruksjonar kring bygningane i form av jord, eller steinvollar (Hellesøe 2010). Dette er bortimot same arkeologiske situasjon ein hadde på Gardsbøen i Naustdal i 2002, dersom ein ser bort i frå at nausta her var nedbrente.


Utgravingane i Stryn viser tydeleg at mengda med stolpehol i Naustdal også kan reflektere fleire bygningar. Naustdal har nok hatt ein lang tradisjon med naust langs med elva Nausta, noko namna i området i stort grad er med på å indikera. Arkeologiske registreringar i 2003 påviste også delar av ein bygning lenger sør i området, truleg eit naust (Furnes 2003). Truleg har ein hatt bygningsmessig kompetanse på denne tida som har gjort det mogleg å reise slike store bygningar utan å ha store vollar kring bygningane. Dette er bygningar med ei indre og ei ytre stolperekkje som relaterer seg til ein eller annan form for grindkonstruksjon, liknande det ein har på Stend i Hordaland, slik Johansen har vist rekonstruksjonen (Johansen 2002:17). Dette betyr at ein må sjå bort i frå naust av Rennesøytypen. Det må soleis vere grunn til å tru at det kan ha stått same type naust på Bøe i Stryn og Gardsbøen i Naustdal.

Arkeologisk utgraving på Gardsbøen 2006

Hausten 2006 gjennomførte Bergen Museum ei arkeologisk utgraving av dei kulturminna som var påvist nord og vest for nausttuftene på Gardsbøen ved registreringane i 2002. Det vart påvist fleire bygningar, og ein av desse er det spesielt verd å merke seg. Han er lokalisert like nord for naustområdet. Her har det stått bygningar i to fasar. Denne bygningen har ei smie med grue i søraustleg hjørne. I tilknytning til denne smia vart det funne slagge, men også naglar som kan ha vore nytta i produksjon, eller istandsetting av båtar på staden. Dateringane frå denne bygningen gjev ei plassering i tid til romartid/folkevandringstid (pers. med. Johannessen 2007). Truleg har området ved utløpet av Nausta vore nytta til landingsplass og lagring av skip over lengre bolkar av forhistoria. Ei smie allereie frå romartid like ved nausta, som kan ha vore nytta i samband med reparasjon og produksjon av skip, strekar under dette. Det er grunn til å tru at området har ein lang tradisjon når det gjeld oppbevaring og reparasjon av skip og båtar.

Naustdal i ein regional samanheng – Sogn og Fjordane

Med bakgrunn i funna som vart gjort i 2002–2003 må ein spørje seg om slike naust er noko som er spesielt berre for Naustdal, eller om ein kjenner til liknande naust andre stader? I ein slik samanheng er det naturleg å sjå på korleis dette tilhøvet er elles i Sogn og Fjordane.



Figur 5. Sogn og Fjordane fylke – Oversikt over forhistoriske nausttufter. Sigmund Bødal og Jonas Håland 2011.

I dag har ein kunnskap om 10 sikre nausttufter i fylket (Figur 5). To av desse er lokalisert på øya Kinn, vest av Florø by. Desse nausta har ein storleik på omlag 17 x 8 meter og 12 x 10 meter, og er karakterisert med hesteskoforma steinmurar. Nausta ligg omlag 15 meter ovanfor strandsona i Stølsvikja på sørsida av Kinn. Sjølv om ingen av nausta er vitskapleg granska, så tyder lokaliseringa i høve havnivået at dei truleg er frå jernalder. Frå Sunnfjord har ein elles kunnskap om to andre moglege naust. Den eine nausttufta finn ein på Gjerland ved Haukedalvatnet i Haukedalen i Førde kommune. Tufta frå Gjerland er noko utydeleg i terrenget, slik at ho må reknast for å vere usikker. Den andre er lokalisert ved Jølstravatnet, i området ved Helgheim kyrkje på Helgheim i Jølster kommune (pers. med. Adriansen 2010). Denne tufta har ei lengd på om lag 14 meter. Dersom desse formasjonane skulle vise seg å vere nausttufter, så er det dei einaste forhistoriske «innlandsnausttuftene» ein kjenner til i Sogn og Fjordane.

Frå Nordfjord har ein frå Selje kommune kunnskap om naust ved Tungevågen. Eitt av desse nausta lar seg tydeleg erkjenne i terrenget, og har ein storleik på 10 x 5 meter. Naustet er grave inn i ein bakke på same måte som på Gardsbøen. I nærleiken av dette naustet er det restar av murar og vollar som kan tyde på at det har stått to andre naust i området. Nausttuftene er truleg forhistoriske, då dei er lokalisert om lag 4 til 5 meter over dagens havnivå, ca. 15 meter frå stranda. I same miljøet som nausta på Toftenes (Tuftenes) er påvist, er det også registrert to huskonstruksjonar av uvisst alder. Konstruksjonane er karakterisert av vollar, der tuftene er grave inn i bakken (Registreringer for økonomisk kartverk. Selje kommune 1974). Dette vitnar om ein forhistorisk busetnad på staden.

På Seljøyna ved Selje kloster er det dokumentert eit naust. Naustet har tilhørt klosteret på staden og er dermed frå mellomalder. Naustet vart restaurert på 1930-talet av Cato Enger. Bygningen har hatt ein storleik på om lag 100 kvadratmeter med hellelagd golv. Veggane har vore i stein (Enger 1946:44 f).



Figur 6. Arkeologisk utgraving av nausttufta på Bø i Stryn. Bygningens stolper er markert med papptallerkener. S. Diinhoff Universitetsmuseet i Bergen.

Eitt av nausta som vart påvist våren 2010 i Stryn, var 27 meter langt og hadde ei breidde på heile 12 meter (Figur 6). Bygningen ligg i tilknytning til garden Bø ved Stryneelva. Naustet har ikkje hatt markerte vollar. Bygningen har ei indre takberande stolperekkje og ei ytre stolperekkje. Landskapsmessig ligg naustet noko opp i elvelaupet, men med ein vasstand på 1-2 meter høgare enn dagens nivå, har naustet likevel lagt perfekt til i høve fjorden. Endå eit naust på staden er dokumentert, men berre fragment er bevart. I bakkant av naustområdet er det oppdaga delar av ein mindre bygning som kan representere ei smie, som kan ha stått sentralt i reprasjonsoppgåver på skipa, akkurat slik som i Naustdal (pers. med. Diinhoff 2010).

I Sogn kjenner ein til ei, mogleg to, nausttuffer frå forhistorisk tid. Det sikraste naustet av desse finn ein på Tjugum i Balestrand. Meir bestemt er det lokalisert i strandsona like vest av Tjugum kyrkje. Nausttufta som vart registrert i 1976 er karakterisert med veggvollar av stein. Nausttufta på Tjugum har ein storleik på 17 x 6 meter. Området der naustet ligg, er ikkje langt frå Veganeset ved Dragsvik, der det også er lokalisert mange gravrøyer.

Det andre naustet frå Sogn, som det knyter seg meir usikkerheit til, er frå Norevik i Høyanger kommune. Dette naustet skal vere lokalisert kloss oppi E-39 i eit utbygd elveleie. Det skal ha vore tydeleg opplagt stein til veggvollane i naustet, som skal ha hatt ei lengd på omlag 35-40 meter og ei breidde på 15 meter. Per Fett hadde dette naustet med i sin oversikt over fortidsminne i Sogn (Fett 1954), men det er ikkje avmerka på Økonomisk kartverk. I dag er det vanskeleg å påvise spor etter nausttufta.

Samla sett har ein sikre spor etter i alt 10, mogleg 14 nausttuffer i Sogn og Fjordane frå heile forhistoria. Talet er svært lågt når ein tenker på at Sogn og Fjordane framfor alt er eit fjord og kystfylke. Frå heile Vestlandet er det i alt registrert kring 250 nausttuffer, medan det i Nord-Noreg kjem opp i eit tal kring 500 for funnkategorien (Johansen 2002:16). Kva er det som gjer Sogn og Fjordane så spesiell og unnsleg i denne samanhengen? Dersom ein tek for seg funn frå jernalderen, så er Sogn og Fjordane på høgde med resten av landet, og vel så det i mange høve. Det er berre nok å nemne dei rike og gode jordbruksbygdene som Sogndal, Vik, Aurland, Leikanger, Sandane, Breim, Eid og Stryn, så er ein i områder som har gjeve mange fantastiske funn, både i form av graver og spor av bygningar frå jernalderen. Går ein til Nord-Jæren med Stavanger, Randaberg, Madla og Sola, som så absolutt har vore eit tyngdepunkt i jernalderen her i landet, så var det i 1974 totalt 45 kjente nausttuffer av ulik storleik over eit relativt konsentrert areal (Rolfen 1974:34).

Spesielt for Sogn og Fjordane er at dei rike jernalderbygdene er lokalisert ved tronge fjordar med bratte fjellparti, der jordbruksareala er relativt avgrensa. I slike områder har topografien vore med på å utkrystallisere dei gode stadene der det var naturleg å bygge hus og naust. Her har folk budd til alle tider. Nausta har vore lokalisert inst i fjordbotnane slik som på Sandane, Eid og i Vik. I desse bygdene har det også heilt sikkert lagt større og mindre forhistoriske naust. For Nordfjordbygdene er det eit gjennomgåande trekk at det er inst i fjordbotnen at ein i moderne tid har utvida strandsona med fyllingar og ny bygningsmasse utover i fjordbassenget. På Nordfjordeid har fjordbotnen blitt fylt ut over lengre tid med store mengder masser frå anleggsverksemd. Ein liknande tendens ser ein også i Vik sentrum i Sogn, der mange av dei historiske nausta no ligg på oppsida av riksvegen. Med ein slik moderne aktivitet over lengre tid er det ikkje så merkeleg at ein ikkje finn dei forhistoriske nausttuftene i Sogn og Fjordane. Dei er rett og slett rydda bort. Dei same tendensane har gjort seg gjeldane i Naustdal. Til alt hell har ein vald å la området kring kyrkja og det gamle

gardstunet på Gardsbøen få liggje i fred som det siste grøne arealet i bygda. I staden har ein fylt ut i fjorden sør for kyrkja der ein i dag finn områder med matvareforretning og bensinstasjon. Slik har eit viktig område med forhistoriske bygningar tilfeldigvis blitt teken vare på. Soleis gjev funnstaden på Gardsbøen også indikasjonar på at areal bak dagens elvemunningar kan vere potensielle funnstadar for forhistoriske naust.

Det er verdt å merke seg at nausttuftene frå Sogn og Fjordane ikkje har nokon eksakt tidsmessig plassering. Ved registreringane i Naustdal har ein hatt høve til å datere begge bygningane og fått ei datering som plasserer begge innanfor nøyaktig same tidsbolk. Soleis står funna i ei særstilling både lokalt og på Vestlandet saman med naustområdet på Bø i Stryn. Svært få stader har ein hatt høve til å påvisa forhistoriske naustmiljø. Også når ein ser på funnkategorien på landsbasis, er svært få naust arkeologisk utgreve og datert. Frem til 1999 var det sju naust her i landet som var fagleg undersøkt (Grimm 1999:Taffel 1). Soleis har dei få faglege undersøkte nausttuftene frå Hordaland og Rogaland ovanfor blitt klassiske døme på ulike typar naust her i landet. I dei seinare åra har det likevel komen til nokre fleire, slik som på Inderøya (Johansen 2002) , Lænn (Grønnesby 2007), Rosendal (Valvik 2002) og Bø i Stryn (2010).

Nausta på Gardsbøen – ei kjelde til forståing av det forhistoriske Naustdal

Håkon Håkonsson saga fortel om lendmannen Eiliv frå Naustdal som var på tokt saman med kongen på kysten av Skottland på 1260-talet. Det har vore ein diskusjon om kor vidt denne lendmannen var i frå Naustdal i Sunnfjord eller Naustdal i Nordfjord. Fleire forskarar, mellom anna arkeologen Frode Iversen, opnar for at lendmannen kan ha hatt sitt opphav i Naustdal i Sunnfjord (Iversen 1997:112 ff). Er det så Eiliv sin lendmannsgard som vi her er komen på sporet av? Så langt ein kan sjå har ein ikkje direkte fysiske spor etter ein storgard i Naustdal. Tidsmessig er nausttuftene ein del hundre år for gamle til å passe med lendmannen Eiliv og lendmannsembetet på 1100 og 1200-talet. Likevel syner nausttuftene tydeleg at det alt i folkevandringstid har vore personar og ætter i Naustdal med stor politisk makt og rikdom. Truleg har desse personane og ættene deira hatt eit tyngdepunkt med ein storgard strategisk lokalisert i Naustdal. Nausta på garden har vore ein viktig del i ferdsel og kommunikasjon på denne tida, og har nok ikkje vore plassert langt frå gardstunet.

Slik Naustdal framstår landskapsmessig, skal det ikkje så mykje fantasi til for å kunne lokalisere eit areal der ein stormannsgard kan ha lagt både på slutten av 500-talet og på 1100-talet. Sentrum ligg strategisk til med oversyn over ferdsle på Førdefjorden, samt ned til bygda via elva Nausta. I sentrum, ein stad nord for kyrkja og vest for Gardsbøen, er det området kor truleg stormenn, småkongar og lendmenn har sett det teneleg og strategisk å ha storgardane sine i forhistoria. Nausta frå 500-talet vitnar om eit maktpolitisk tyngdepunkt i Naustdal på denne tida. Truleg vart dette maktpolitiske tyngdepunktet utvikla framover i historia, og la grunnlaget for Eiliv sitt lendmannssete som Snorre skildrar.

Når det gjeld storleiken på nausttuftene, så står tuftene frå Naustdal i ei særstilling i Sogn og Fjordane. Av dei sikre nausta i fylket, er dei frå Gardsbøen dei desidert største, med sine vel 30 meter. I all hovudsak deler nausta frå jernalderen seg inn i to hovudkategorier. Den fyrste kategorien nausttufter er dei tuftene som har ein storleik på oppunder 20 meters lengd. Den andre gruppa av tufter er ei gruppe av nausttufter med ein storleik frå omlag 25 til 35 meter, der både nausta frå Stryn og Naustdal høyrer heime. Breidda på nausta frå jernalderen varierer

noko, og kan vere med på å indikere talet på båtar. Lengda er med på å indikera kva for nokre båttypar som vart husa. Det betyr at nausta frå Gardsbøen har hatt som oppgåve å huse dei største skipa som var til rådvelde på tampen av eldre jernalder.

Båtane som har vore nytta i jernalderen har hatt ulik storleik og ulike bruksområder, slik dei mange nausttuftene langs Vestlandskysten syner. Dei største båtane er det berre dei aller øvste sosiale laga i samfunnet som har hatt tilgang på. Skipa var avgjerande for den sosiale eliten sin kontakt med Europa, slik som til dømes over Nordsjøen til dei britiske øyer. Kunnskapen om båttypar frå jernalderen aukar stadig. For vårt tidsrom kjenner ein i dag til båtar frå 6-700-talet, slik som skipet frå den mektige grava ved Sutton Hoo utanfor London, med ei lengd på 27,3 meter. Kvalsundbåten frå Sunnmøre som er frå same tidsrom, har ei lengd på 18 meter. Så langt ein kan sjå er det båten frå Sutton Hoo i England som passar best saman med lengda på nausta frå Gardsbøen, dersom ein tek utgangspunkt i at naustet berre husa eit skip.

Dei største båtane har vore brukt både i handel og i krig. Myhre (1997) setter dei største nausta frå jernalderen (ikkje medrekna vikingtid) i samband med lokale høvdingar eller småkongar som rådde over eit større geografisk området, og hadde makt nok til ein hird som mannskap. Soleis ser ein konjunkturane av ein småkonge/hovding som hadde krigs- og handelsskipa sine liggande ved munningen av Nausta allereie på slutten av folkevandringstida. Denne høgtstående personen hadde så stor politisk og administrativ makt, at han hadde hærstyrke av lojale våpenføre menn tufta på personlege band. Områder med rike graver med edelmetaller og forsvarsanlegg er ofte tenkt knyta til slike personar. Dette finn ein ikkje i Naustdal, der ein berre har kunnskap om nokre få spreidde arkeologiske funn. Har ein så fleire sikre spor i jakta på denne stormannen som reiste desse nausta? Svaret er vel eigentleg negativt i utgangspunktet, dersom ein berre held seg til folkevandringstida.

Eit lite funn med stort forhistorisk innhald som vart levert inn til Bergen Museum for bortimot 160 år sidan, kan hjelpe oss litt. Dette er ein fingerring i gull med ormehovud. Så langt er denne typen ring (39 a) den einaste som er funnen her i landet. Ringen har sitt opphav i Danmark, der han kan knytast til ei av dei leiande slektene i samfunnet i romartida. Fingerringen speglar eit nivå i det sjællandske samfunnet der ein finn fyrstar (Ethelberg 2003: 273 ff). Fingerring av denne typen skal finnast i berre 10 eksemplar i Norden, og må av den grunn reknast for å vere ein ganske eksklusiv ring. Ringen ser ut til å ha vore vanleg både for menn og kvinner av dette laget av samfunnet, sidan han er funnen i graver av begge kjønn. At ringen er komen til Naustdal ser Magnus (2002) å kunne ha funne stad via eit giftarmål, sjølv om det truleg også kan vere andre alternative løysingar på dette mysteriet. Fingerringen viser til mogleg kontakt mellom Naustdal og Sjælland på denne tida. Funnet av denne fingerringen er særdeles viktig, då det klårt syner for vår samanheng at Naustdal og ættene som har heldt til her, allereie i romartida hadde så stor makt og sosial status, at det gjorde dei attraktive i ekteskapsalliansar med det høgste politiske nivå i Danmark på denne tida.

Naustdal – lendmenn og kyrkje

Lendmannen hadde ein særleg framtrædande rolle i samfunnet frå sein vikingtid til tidleg mellomalder. Han var kongen sin mann både militært og administrativt sett. Han hadde rådvelde over kongen sine eigedomar og måtte livnære seg og sine på desse. Lendmannen skulle sjå til at kongens «politikk» vart gjennomført på lokalt nivå. Eit døme på «politikken» ein lendmann hadde ansvaret for var forsvarsordninga langs kysten. Leidangen skulle oppretthaldast på ein

god og effektiv måte til ein kvar tid. Det er soleis naturleg at leidangsnausta vart lokalisert i nærleiken av lendmannsgarden. Områda dei ulike lendmennene hadde ansvaret for kunne variere både i storleik og i folketal. På 1100-talet var det bortimot 60-70 lendmenn her i landet. Det var ikkje uvanleg at lendmannstittelen gjekk i arv i mektige ætter. Ordninga med lendmenn vart avvikla i 1308 (Nedrebø et al. 2002). Den mest kjende lendmannen frå Sogn og Fjordane er Audun Hugleiksson frå Ålhus i Jølster. Andre bygder i tillegg til Naustdal som har hatt lendmannsgardar, er til dømes bygda Stårheim i Nordfjord der lendmannen Arne styrte.

Lendmannsgardar har alltid vore rike og framifrå gardar på dei fleste vis. Makt og velstand kjem ikkje berre drivande forbi på ei fjøl. Det vert bygd opp over lang tid. Det er strategisk politikk, velfunderte val, alliansar og ein stor porsjon kløkt som ligg til grunn for makt, så vel i Naustdal som andre stader. Frode Iversen (1997) tolkar lendmannsgarden Naustdal til å vere blant dei gardane som har opphav i yngre jernalder i form av større godseiningar. Det forhistoriske naustmiljøet i bygda og det sjællandske ringfunnet, tyder på at makt og velstand var konsentrert her allereie i eldre jernalder. I Naustdal er kyrkja plassert innanfor det arealet ein må forvente at lendmannsgarden var lokalisert. Lendmannsembetet i bygda går attende til 1100-talet (Henden et al. 2000:215), og det var ikkje bygder eller gardar utan betydning og sosial makt som hadde kongen sine lendmenn buande hos seg. Sjølv om ein ikkje veit kven som bygde steinkyrkja, var ho eit framifrå byggverk i sine glansdagar, og er tidsmessig samstundes med lendmannsembetet på staden. Det er ikkje umogleg at personar knytt til lendmannsembetet i Naustdal, har vore med på å reise ho. Med andre ord, storgard og makt har fylgt kvarandre i mange hundre år i Naustdal. Det er kontinuitet i politisk og administrativ makt i bygda frå romartid og ut i mellomalderen.

Liknande tilhøve i Sogn og Fjordane?

Er denne samfunnsutviklinga noko som berre er spesielt for Naustdal eller gjeld det også andre stader i Sogn og Fjordane med forhistoriske naust som utgangspunkt? Ved å vurdere kva forhistoriske miljø nausta opptre i, vil ein også kunne seie noko om den politiske makta som har vore med på å reise nausta. Vidare er det mogleg å kaste lys over om dette berre er eit einskild tilfelle i ein forhistorisk sekvens, eller om områda der nausta er lokalisert fortsetter å vere eit viktig politisk tyngdepunkt.

Nordfjord

I Nordfjord er det påvist tre, mogleg fem naust, frå jernalder og eit i frå mellomalderen.

Selje kommune har dei fleste av desse med øya Selja og Tungevågen. Både på Selja og i området ved Tungevågen er det gravminne frå jernalderen. Sistnemnde er eit døme på gardsbusetnad i frå jernalderen i Nordfjord, ytst ute mot Stadthavet. I alt er det ni gravminne frå dette området.

Øya Selja vart viktig ankerpunkt for Kristendomen på Vestlandet, med det første bispesetet i landet. På Selja var det kongen og kyrkja som reiste kyrkjebygga. Her er det eit forhistorisk naust tilhøyrande klosteranlegget. Øya er den staden St. Sunniva skal ha gått i land på under si flukt frå Irland. Øya innehar mange freda kulturminne, mellom anna i form av fleire gravminne, i alt 13 gravrøyser. Ho syner sterk kontinuitet frå jernalder til mellomalder.

Garden Bø er nok av dei eldste gardane i Strynebygda, og ligg sentralt til med godt jordbruksland. Alt på midten av 1800-talet vart det oppdaga gravfunn på garden frå yngre jernalder. Ut over på 1900-talet vart det påvist fleire graver frå denne perioden. Hausten 2008 vart det i samband med eit bustadprosjekt gjort arkeologiske registreringar på garden. Det vart påvist spor etter busetnad og erverv gjennom heile forhistoria tilbake til yngre steinalder (Haugen 2008). Den første steinalderbuplassen i indre Nordfjord vart påvist ved denne registreringa. Like ved naustet er det reist ein bauta på ei lita forhøgning i terrenget, der ein må anta at det er ei grav frå jernalderen. Garden har soleis lange forhistoriske røter og utmerkar seg særleg i jernalderen med mange rike gravfunn.

Sunnfjord

På øya Kinn er det registrert i alt 19 gravrøyser og 4 gravhaugar. Øya Kinn står på same måte som Selja i Nordfjord i ein framtrudende posisjon i den tidlege kyrkjehistoria her i landet. Kring 1150 vart det reist ei stor steinkyrkje på staden (Henden et al. 2000:185). Med ei steinkyrkje i ei tid då stavkyrkjene var dominerande kyrkjebygg syner Kinn å ha hatt ein sentral plass i kyrkja sitt virke på 1100-talet. Kinn syner kontinuitet gjennom jernalderen, noko som vedvarar inn i mellomalder.

Bygda Gjerland fekk kapell i 1670-åra (Henden et al. 2000). Bygda har ei solid forhistorisk forankring. Fleire stader ligg det, og har lagt gravhaugar. Gjerland er ein av dei tre stader i fylket, der det er gjort funn av sokalla «kretstun». Dette er frå eldre jernalder, romartid/folkevandringstid (Randers 1991). Det andre kretstunet ligg på Hjelle i Stryn (Olsen 2005:319 ff), og er frå vikingtid. Det tredje er lokalisert på Bø i Stryn. Liknande tun er det gjort funn av på Steigen i Nordland, og til dømes på Klepp og Nærbø i Rogaland. Tuna har tent som opphaldsstad der hovdingar har samla sine folk i samband med ufred og handelstokter (Solberg 2000:118). Kretstuna knytar seg til dei sentrale styrande kreftene i samfunnet på denne tida. Bygda Gjerland syner ei sterk tilknytning til jernalderen, spesielt til den eldre delen.

På Helgheim i Jølster har det eksistert eit miljø med gravhaugar på området Øyna, aust av kyrkja. Ein av haugane ligg att i dag. I den andre vart det gjort gravfunn i frå folkevandringstida. Haugane har hatt tilnamnet «Nausthaugane». Mot nord i området ligg «Naustbakkane» (Fett 1957:4). Også på nabogarden Hus er det gravhaugar. Like nordvest av naustet ligg Helgheim kyrkje. Kyrkjestaden var allereie omtala av biskopen i Bjørgvin i 1322 (Henden et al. 2000:240). Ein må tru at kyrkjestaden har eksistert også før denne tid. Området kring naustet på Helgheim er ein viktig stad som viser kontinuitet i frå jernalderen og inn i mellomalderen, der staden vert ein viktig kyrkjestad ved Jølstravatnet.

Sogn

På Tjugum i Balestrand er det registrert tre gravrøyser som truleg skriv seg frå jernalderen. På den andre sida av Esefjorden bak Balestrand sentrum, er det påvist fleire større gravhaugar og langrøyser frå jernalderen, mellom anna dei kjende Belehaugane. Aust for kyrkjestaden stikk Veganeset ut i Sognefjorden med mange gravminne frå jernalderen. Tjugum som kyrkjestad er fyrste gong nemnd i 1306, og truleg har det stått kyrkje her før den tid (Henden et al. 2000:113). Tjugum og Balestrand har soleis ei sterk tilknytning til jernalderen, samstundes som staden er kyrkjestad i høgmellomaldaren.

Ved Norevik er det ikkje nokon tilknytning til kyrkjestad. Det er kjent ei gravrøys ved fjorden (Fett 1954), truleg frå bronse eller jernalderen. Det er i tillegg påvist forhistoriske horisontar med dyrking frå same tidsrom (Bødal 2005, Tellefsen 2007). Norevik er ein god landingsplass ved Sognefjorden med forhistorisk forankring. Staden har ikkje tilknytingspunkt til mellomalderen.

Ved denne gjennomgangen av funnstadane for dei forhistoriske nausttuftene i Sogn og Fjordane, så syner alle å ha ei meir eller mindre sterk tilknytning til områder med forhistoriske miljø. Dette indikerar at det ikkje er tilfeldig kvar nausta er plassert, og at det har vore leiande krefter i samfunnet som har hatt rådvelde over desse. Nausttuftene på Kinn, i Naustdal, på Tjugum og Helgheim, står i ei særstilling då dei er knytt til plassar som vart kyrkjestader i tidleg og høg mellomalderen. Innføringa av kristendomen og kyrkja som institusjon, var viktig for etableringa av kongemakta. Stader som tidleg vart utvald som kyrkjestader, har vore viktige og strategiske både politisk og administrativt. På Kinn og i Naustdal vart det reist steinkyrkjer i europeisk stil, noko berre personar frå dei aller høgaste samfunnslaga kunne få i stand. Kinn og Selja står i tillegg i ein heilt spesiell sentral posisjon i overgang til ny religion, med kyrkje, kloster og bispesete. Som ein ser er dei forhistoriske nausta lokalisert i dei same områda der også makt og velstand fantes i forhistoria. Så langt ein kan vurdere, fortsetter denne tendensen inn i mellomalderen for nokre av områda som vart kyrkjestader.

Eit liknande døme på det fenomenet som teiknar seg i Sogn og Fjordane mellom nausttufter og eldre kyrkjestader, finn ein på Sørbø i Rennesøy kommune i Rogaland. Sørbø har ei steinkyrkje frå 1140-talet i romansk stil. Like i nærleiken ved fjorden ligg det fleire nausttufter som truleg har sitt opphav i jernalderen og tidleg mellomalder (Sør-Reime 2001:44).

I hovudsak har nausta sin funksjonelle og maktpolitiske tilknytning vore vurdert ovanfor. I dei arkeologisk granska nausttuftene på Vestlandet er det gjort funn av keramikk, samstundes som det er påvist kulturlag. Dette tyder på at nausta kan ha hatt også andre funksjonar enn berre som båthus. Knytt til handel, må ein også kunne tru at delar av naustbygningen kan ha fungert som lager for varer ein hadde kjøpt, eller hadde produsert for sal. Frå Håkon Håkonsson saga får ein vite at naustet vart nytta som arena for eit bryllaup. Ein må då tru at det har vore vanleg å nytte større naust til festhall ved ymse høve. Denne bruken av nausta syner at bygningane har vore viktige element i samfunnslivet for det øvre sosiale lag både i fredstid og i krig.

Forsvar av fjordområda i Sogn og Fjordane

Av alle dei fjorten nausttuftene som finnes i Sogn og fjordane, er det berre naustet frå Gardsbøen som er på over 30 meters lengde. Dersom ein tek med det usikre naustet i Norevik er ein oppe i to naust på over 30 meter. Truleg reflekterer lengda på nausta den typen båt som bygningane har husa. Soleis er det naturleg å tolke at nausttuftene med ei lengde på 10-18 meter har vore reist for små og mellomstore båtar knytt til lokal bruk. Skip på kring 30 meters lengde som nausta vitnar om, har sjølsagt ikkje vore allemanns eige i jernalderen. Desse skipa har nok tent som handels og krigsskip for samfunnseliten. Det einaste sikre nausta i Sogn og fjordane av denne typen er frå Naustdal. Å seie noko sikkert om storleiken på det området ein slik maktelite rådde over er svært vanskeleg. Likevel må ein rekne med at Sunnfjord har vore svært viktig i ein militær samanheng.

Leidangen som militært system vart i følgje dei skriftlege kjeldene innført av Håkon den gode på 900-talet (Helle 2001:32). Vestlandet vart delt inn i ulike geografiske områder med sokalla «Skipreide», der det var bestemt kor mange skip og mann kvart av desse skipreida skulle stille med ved ufred. Ordninga var tenkt som ei rein forsvarsordning med eit tilhøyrande vardesystem som varsla om ufred (Helle 2001:159). I vårt tilfelle er vi attende til folkevandringstida nokre hundre år før ein har skriftleg dokumentasjon på ordninga. I ei studie av nausttuffer med ein storleik som indikerer skip nytta til handel og militær verksemd, slik som i Naustdal, har Myhre (1997) teke for seg områda på Jæren og i Sunnhordland. Han konkluderer med at dei store nausttuffene i eldre jernalder er konsentrert til dei største gardane i eit området der viktige samfunnsfunksjonar var lokalisert. Seinare i vikingtid og mellomalder, når ein har innført leidangen som forsvarsform, vert desse store nausta meir jamt fordelt slik at dei passar meir saman med den inndelinga i skipreider ein har kunnskap om frå mellomalderen. Dette er nok eit mønster som også kan passe på Sogn og Fjordane, sjølv om ein har eit langt lågare tal å bygge på. Forsvaret av kysten i eldre jernalder har nok hatt ein meir regional karakter på denne tida, enn det den sentrale kongemakta på 900-talet og framover la for dagen. Likevel vitnar dei arkeologiske funna frå folkevandringstida om ei uroleg tid, der både stormenn og allmue hadde trong for å forsvare seg. Det har soleis vore heilt naturleg at samfunnsmessige viktige naust til militær bruk var etablert på sentrale gardar, der viktige samfunnsfunksjonar allereie var lokalisert. I folkevandringstida var forsvaret av hovdingane og småkongane sine områder mobilisert gjennom personlege band mellom kongane og lojale våpenføre menn. Seinare vart det lendmannen si oppgåve å stille med skip og mannskap ved ufred (Helle 2001:159). Ved funna av dei to nausttuffene på Gardsbøen i 2002 og 2003, syner Naustdal både med skriftlege og arkeologiske kjelder gjennom mange hundre år å ha hatt ein sentral funksjon i forsvar av fjordområda i Sunnfjord. Bygda har soleis vore eit politisk og militært viktig område med svært gamle røter; frå romartid, gjennom folkevandringstida og fram i høg mellomalderen..

Samanfatning

Ved gjennomføringa av dei arkeologiske registreringane i 2002 og 2003 på Gardsbøen vart det påvist to større nausttuffer frå slutten av folkevandringstida. Trass i at det ikkje er utført ei fullstendig arkeologisk utgraving av tuffene, og at ein dermed må basere tolkingane på resultatata frå den arkeologiske registreringa, er det sannsynleg at nausttypen som her er avdekkja representerer ein type som i stor grad fell saman med rekonstruksjon av naustet på Stend i Hordaland (Johansen 2002). Typen er i all hovudsak karakterisert med parvis indre takberande stolperekkje og stolperekkje i ytterveggen. Få av desse nausta er vitskapleg granska her til lands. Nausta frå Gardsbøen, saman med nausta på Bø i Stryn, er dei einaste som er tidsbestemt i Sogn og fjordane.

Nausttuffer på omlag 30 meter er sjeldsynte. Bygningar med ein slik storleik er det berre den øvste samfunnseliten som kan ha reist. Skipa som nausta har husa har vore av ein slik storleik at det er naturleg å sjå dei i samband med eliten i samfunnet sin handel og militære utrustning. Det er sannsynleg at det har vore ein storgard i Naustdal allereie i folkevandringstida. Ringfunnet som vart gjort på 1860-talet, indikerar i tillegg at det i Naustdal har vore sterke band til det øvre sosiale lag i Danmark og Sjælland på 200-talet. Det er soleis naturleg at det var etablert mektige slekter med ein storgard i Naustdal attende til romartida. Truleg har ein slik storgard vore fysisk lokalisert i det området som ein i dag kjenner som Naustdal sentrum.

På 1100- og 1200-talet vart lendmannsembetet etablert i Naustdal. Lendmannsgardar der ein i frå historisk tid ikkje har kunnskap om gravhaugar eller gravminne, har blitt tolka som større godsamlingar med røter attende i jernalderen. Dette er også det forhistoriske bilde ein har av Naustdal, der det knapt er arkeologisk materiale som kan tolkast som graver frå denne tida. Dokumentasjonen av nausta er dermed med på å gje ein arkeologisk innfallsvinkel til det godset som truleg har lagt her for 1000-1500 år sidan. I sagaen om Håkon Håkonsson er lendmannen Eiliv frå Naustdal omtala. Det har vore usemje om dette gjaldt Naustdal i Nordfjord eller i Sunnfjord. Nausttuftene indikerar ein storgard i Naustdal alt i folkevandringsstid. Ein storgard i området heilt attende til 200-talet er sannsynleg, noko funnet av ormehovudringen syner. Denne forhistoriske storgarden dannar grunnlaget for lendmannsgarden på 1100-talet. Det er soleis overveiane sannsynleg at lendmannen Eiliv var frå Naustdal i Sunnfjord.

Nausttuftene gjev oss eit lite glimt inn i makttilhøva i forhistoria. Dei få stadene ein kjenner til forhistoriske nausttufter i Sogn og Fjordane syner seg å ha vore politisk sterke område attende i eldre jernalder. Det er ikkje tilfeldig at naust med stor samfunnsmessig betydning vart lagt til desse områda. Naustdal er den einaste lendmannsgarden i fylket der ein har påvist store forhistoriske nausttufter. Her syner området ein kontinuitet når det gjeld forsvar av områder langs kysten, noko lendmannen i følgje Gulatingslova hadde ansvaret for (Helle 2001). Myhre (1987:46) karakteriserer naustet på Stend som eit tidleg «leidangsnaust», og det er ikkje nokon grunn til at nausta på Gardsbøen ikkje har hatt ein liknande militær funksjon. Den maktposisjonen desse områda har i eldre jernalder, synes i stor grad å vedvare inn i mellomalderen for særleg fire områder, der konge og kyrkje for alvor etablerer seg. Kinn/Selja på ytterkysten og Naustdal i Sunnfjord, samt Tjugum i Balestrand og Helgheim i Jølster utmerker seg her som kyrkjestader med eit forhistorisk naustmiljø.

Kvifor er det så få funn av naust i Sogn og fjordane? Fylket har elles ein framtrudande plass i forhistoria både på Vestlandet og i Noreg elles på denne tida. I Nordfjord framhevar bygdene Eid, Stryn, Sandane og Breim seg. Likeins er det i Sogn bygdene som Sogndal, Leikanger, Vik og Aurland som står sentralt, gjennom store og flotte gravfunn av både regional og nasjonal karakter. I desse bygdene er det ikkje tvil om at ein også har hatt nausttufter slik som i Naustdal. Myklebustfunnet på Eid syner med all si prakt at det her var kongar og ein sosial elite som hadde tilgong på alt det samfunnet kunne skaffe til veie i vikingtida. Trass i desse tilhøva har ein berre kunnskap om 10 sikre og 4 moglege nausttufter i Sogn og fjordane, i motsetnad til dei andre fylka på Vestlandet. Moderne byggeverksemd langs med smale fjordar og i fjordbotnane i Sogn og fjordane, der dei gode og rike jordbruksbygdene frå jernalderen er lokalisert, har nok i stor grad vore med på å viske ut spora etter den viktige forhistoriske skipsfarten. Likevel viser funna i Naustdal at det er i områda ovanfor utløpet av elvene ein for framtida bør vere merksam på forhistoriske naust.

Nausttuftene frå Gardsbøen i Naustdal, sett saman med ringfunnet frå 1868, har gjort det mogleg å få ein meir heilskapleg forståing av samfunnet her frå eldre jernalder og fram til mellomalder, gjennom korte arkeologiske glimt og skriftlege kjelder. Frå å vere ei bygd med ei noko unnsleg forhistorie, visar Naustdal no gjennom dei arkeologiske funna som har kome for dagen, med 150 års mellomrom, sin forhistoriske posisjon. Dette har gitt oss i første omgang ei djupare forståing av forhistoria lokalt, noko som også er med på å gje auka fagleg kunnskap om liknande problemstillingar andre stader. Skriftleg og arkeologisk kjeldemateriale har ovanfor vore med på å utfylle kvarandre, slik at ein har kunna forstå dei påviste nausta

ut frå sagaen, samstundes som det arkeologiske materialet i denne prosessen har vore med på å støtte oppunder, og utdjupa grunnlaget for lendmannsgarden som dei skriftlege kjeldene skildrar.

Summary

During the archeological investigation that took place at Gardsbøen in Naustdal community in 2002 and 2003, it was revealed boathouses from the end of the Migration period. The boathouses from Gardsbøen in Naustdal alongside with the boathouses from Bø in Stryn are the only ones dated in Sogn og Fjordane county.

Boathouses on a length of 30 meter or more are rare. To build such huge buildings has certainly been an task for the upper social elite to organize. Its natural to consider these ships to the social elites way of trading and military actions. During the 12th and 13th century a lendumans farm was established in Naustdal. The prehistoric situation in Naustdal is characterized by scarce traces of prehistory. The documented boathouses are thereby the archeological path to the estate that probably had its location here from 1000–1500 years ago. This major farm with its origin in the Migration period creates the social and economical basis for the lendumans farm of the 12th. century.

Few traces of prehistoric boathouses are known in Sogn og Fjordane. According to other parts of the prehistory Sogn og Fjordane are among the leading areas compared with the rest of Norway. Modern building activity in the bottom of the fjords where the most important ironage villages were situated, is to some extent to blame for vanishing important prehistoric traces. Even so, the archeological evidence in Naustdal reveals a new opportunity for finding prehistoric boathouses, more concrete just inside the outlet of the river, which is also the situation for the boathouses at Bø in Stryn.

Litteratur

- Auestad, J. 1995. Langhus og nausttuft. I: M. Høgestøl 1995 (red.) *Arkeologiske undersøkelser i Rennesøy kommune, Rogaland, Sørvest Norge*. AmS Varia 23: 233-44. Stavanger.
- Bødal, S. 2005. *Notat frå arkeologisk registrering. Reguleringsplan for E-39 Torvund -Teigen i Høyanger kommune*. Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Enger, C. 1949. *Årsberetning 1946*. Foreningen for Norske Fortidsminne Merkes bevaring. Oslo.
- Ethelberg, P, Hardt N, Poulsen B. og Sørensen A.B. 2003. *Det Sønderjyske Landbrugs Historie. Jernalder, Vikingtid og Middelalder*. Haderslev Museum og Historisk Samfund for Sønderjylland. Haderslev.
- Diinhoff, S. 2013. Tingsted og naustmiljø. Resultater etter tre års utgravninger ved Bø i Stryn. *Årbok for Universitetsmuseet i Bergen* 2013: 33-40.
- Fett, P. 1954. *Førhistorisk minne i Sogn. Lavik prestegjeld*. Universitetet i Bergen. Bergen Museum.
- Fett, P. 1957. *Førhistorisk minne i Fjordane. Jølster prestegjeld*. Universitetet i Bergen. Bergen Museum.
- Furnes, S. 2003. *Rapport frå ei mindre arkeologisk registrering på Gardsbøen i Naustdal*. Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga.
- Grimm, O. 1999. *Das kaiserzeitliche Boothaus von Stend i Fana (Norwegen)*. Kleine Schriften aus dem Seminar der Philipps-Universität, Marburg 48. Marburg.
- Grønnesby, G. 2007. Naustet på Lænn. *Spor* nr.1: 42-47.
- Haugen, A.M. 2008. *Rapport frå arkeologiske registrering på Ytre og indre Bø*. Stryn kommune. Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Helle, K. 2001. *Gulatinget og Gulatingslova*. Skald AS. Leikanger.

- Hellesøe, Brekke H. 2010. *Rapport frå utvida kulturhistorisk registrering. Rv 15, Stryn – Rise bru. Bnr/ Gnr 60/4, Stryn kommune.* Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kulturavdelinga.
- Henden Aaraas, M., Djupedal, T., Vengen, S., Borgen Førsund, F. 2000. *På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane. Band I og II.* Selja Forlag.
- Hinsch, E. 1960. Naust og hall i jernalderen. *Årbok for Universitetet i Bergen, humanistisk serie No. 2:* 1-23.
- Hovland, T. 1997. *Rapport frå arkeologiske registreringar på Gardsboen i Naustdal kommune.* Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Iversen, F. 1997. *Var middelalderens lendmannsgårder kjerner i elder godssamlinger? En analyse av romlig organisering av graver og eiendomsstrukturer i Hordaland og Sogn og Fjordane.* Upublisert hovedfagsoppgave i arkeologi med vekt på Norden. Universitetet i Bergen.
- Johansen, H.M. 2002. Naust frå jernalderen. *Spor* nr.1: 16-20.
- Magnus, B 2002 . Drik – og du vil leve skønt. Festskrift til Ulla Lund Hansen på 60 årsdagen. *Publications from The National Museum PNM. Studies in Archaeology and History*, Vol.7: 255 – 261.
- Myhre, B 1976 . Nausttuft frå eldre jernalder på Stend i Fana. *Viking* 40: 29-78.
- Myhre, B 1987. Naust, skip og leidang. I: Øye, I. (red) *Kystliv. Onsdagskvelder i Bryggens Museum bd. III.* Bryggens Museum: 28-47.
- Myhre, B 1997. Boathouses and naval organization. Military aspects of Scandinavian Society in a European Perspective, AD 1 – 1300. Forschungsseminar København 1996. *Publ. Nat. Mus. Studies in Archaeology and History.* Vol. 2: 169 -183.
- Nedrebø, Y., Gjerland, B., Øyrehagen Sunde, J., Årdal. S. 2002. *Audun Hugleiksson – Frå kongens nåd til galgen.* Selja forlag.
- Nøttveit, O.M. 2002. *Rapport frå dei arkeologiske registreringane på Gardsboen i Naustdal.* Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga.
- Olsen, A.B. 2005. Et vikingtids tunanlegg på Hjelle i Stryn. En konservativ institusjon i et konservativt samfunn. I: Bergsvik K.A. og Engevik Jr. A. (red.) *Fra funn til samfunn. Jernalderstudier tilegnet Bergljot Solberg på 70 årsdagen.* UBAS - Nordisk 1: 319-357.
- Randers, K. 1991. *Et ringformet tun? på Gjerland.* Historisk museum. Bergen.
- Rolfen, P. 1974. Båt-naust på Jærkysten. *Stavanger museums skrifter* nr. 8. Stavanger.
- Solberg, B. 2000. *Jernalderen i Norge.* Cappelen Akademiske forlag. Oslo.
- Sør-Reime, G. 2001. *Destination Viking. Western Viking Route. North Sea Viking Legacy.* Viking Heritage/Gotland Center for Baltic Studies. Gotland University. Visby.
- Tellefsen, M. 2007. *Arkeologiske undersøkelser av forhistoriske bosetnings- og dyrkningsspor på Norevik gnr. 26/bnr. 3 og på Torvund gnr. 101/bnr. 1 og 4, Høyanger kommune, Sogn og Fjordane.* Universitetet i Bergen, Bergen Museum, Seksjon for ytre kulturminnevern. Upublisert rapport.
- Valvik, K.A. 2002. Hus og naust i jernalderen. To nye funn frå Kvinnherad. *Arkeo* nr.1: 27-33.